



SEGLAS: Fredag var det oppstartsmøte der ein la ein plan for seglasen.

Skal gjenskape 850 år gammalt seglas

Om alt går etter planen, og myndighetene tilrådingar ikkje legg ein stoppar for det, kan ein på seinsommaren bli vitne til gjenskapinga av transporten som Sunniva-skrinet etter soga var ein del av.

– Frå 28. august til 5. september 2020 vert det seglas med historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia for å markera at det i år er 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine leivningar frå Selja til Bergen. Ved at skrinet då kom til Kristkirken i Bergen, blei byen ein valfartsstad for piligrimar og slik blei også byens prestisje og stilling styrkt, skriv

seniorrådgjever – Kultur i Bjørgvin bispedømmekontor, Ragna Sofie Grung Moe.

Fredag var det oppstartsmøte der alle dei involverte la ein plan for seglasen. På vegen sørover langs kysten, skal skrinet inn om sentrale stadar langs Kystpilegrimsleia slik som, Kinn, Svanøy, Gulatingset og Lygra før ein er framme i Bergen.

Skrinet som skal seglast frå Selje til Bergen skal romma tekstar om å ta vare på skaperverket. Tekstane er skrivne av konfirmantar og kyrkjelyd som møter skrinet langs ferda og vert gitt i gave til jubileumsbyen Bergen frå Kystpilegrimsferda.

● Les heile sakana på fjt.no

BJØRN ERIK DRABLOS

bjorn@fjt.no

- Opna det nye stupetårnet i bygda med folkefest

Kenneth fekk løn for strevet

Kenneth Oksholen har dei siste fire vekene arbeidd 100 dugnadstimar. Laurdag fekk han løn for innsatsen då prosjektet han har vore primus motor for, dei nye stupetårna på Polljavatnet, vart opna.

– Når folk får hoppe og kose seg slik som dei gjer no, så er det løn for strevet, sa Oksholen til Fjordenes Tidende rett etter at dei nye stupetårna på Polljavatnet var opna laurdag.

Oksholen har hatt fri dei siste fire vekene, men det betyr ikkje at han har lege på latsida.


– Det har blitt godt over 100 timer dugnad, men eg har litt igjen å gjere, seier Oksholen, før han blir avbroten av kona Frida Oksholen:

– Heime i hagen, ja.

For det har ikkje blitt mykje arbeid på heimebane dei siste vekene.

– Eg har stort sett stått opp saman med familien i 07-tida. Så har eg reist av garde og gjorne kome heim seit, mellom klokka 22 og 02. Men eg har prøvd å lage middag, smiler Oksholen, som vil rette ein stor takk til fleire aktørar.

– Utstyret har eg fått på bygda. Nokre plassar betalar ein, andre plassar sponsar. Eg må rette ein stor takk til Måløy



LØN FOR STREVET: Kenneth Oksholen har dei siste fire vekene arbeidd 100 dugnadstimar. Laurdag fekk han løn for strevet då prosjektet han har vore primus motor for, dei nye stupetårna på Polljavatnet, vart opna. ALLE FOTO: MARIANNE S. ROTHAUG

verft, Båtbygg og kona.

Hovudprosjektet har vore dei to nye stupetårna som står på flytebrygga på Polljavatnet. Motivasjonen har vore alle dei som nyttar området.

– Eg veit skulen er her mykje og leikar. No har flytebrygga lege ute i eitt år, så då var det på tide å få på plass stupetårna også. Kanskje dei no kan bruke

området til svømmeopplæring i sommarhalvåret.

For i vinterhalvåret blir stupetårna tatt på land.

– Det er stort vindfang, så det er bygd slik at ved å losne noko skruar kan ein ta det ned.

Oksholen opna anlegget sammen med Jørgen K. Blålid.

– Det har blitt fantastisk fint. Det eine drar det andre med

seg. Når ein opnar terrenget for nye moglegheiter, så kjem ideane. Folk tar tak og lagar til ting som aukar bulysta. Det er ofte snakk om bulyst i festtalar, men dette er bulyst i praksis, meiner Blålid.

Han viser til ein positiv giv i bygda med mange butikkar og bedrifter, og fleire på veg.

– Det har blitt ein trykkokar

for nytablering og utvikling.

Blålid, som er initiativtakar til turløypa, seier han er blant dei därlegaste til å nytte området, men han merkar seg at det er mange andre som gjer det.

– Det har vore mange arrangement her og folk er flinke til å bruke anlegget.

MARIANNE SOLHEIM ROTHAUG
marianne@fjt.no



SPENT: Nickolai Brobakke (f.v.), Alexander Nygård og Jonas Strand klart nesten ikkje vente på at dugnadsgjengen skulle gjere seg ferdige. Alexander og Jonas var dei første som stupte frå tårna.



TO METER: Dei to stupetårna måler ein og to meter og såg ut til å vere eit populært tilbod.



OPNING: Primus motor for prosjektet, Kenneth Oksholen (t.v.), og Jørgen K. Blålid stod for den offisielle opninga av dei to stupetårna på Polljavatnet.